

LOFTDALSELVA KRAFT

19. juni
2015

Tilsvar på innkomne høyringsfråsegner i samband med høyringa av konsesjonssøknad for Loftdalselva kraftverk, Rauma kommune.

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091
0301 Oslo

Bergen/Rauma 19.6.2015

Loftdalselva Kraft (LK), Rauma kommune. Svar frå Loftdalselva Kraft i samband med høyringsfråsegner til konsesjonssøknaden.

Bakgrunn

Vi viser oversending av høyringsfråsegner til Loftdalselva kraftverk samt e-post der Dykk ber om Loftdalselva Kraft (LK) sine kommentarar til desse:

1. *Rauma kommune*
2. *Fylkeskommunen i Møre og Romsdal*
3. *Fylkesmannen i Møre og Romsdal*
4. *Statens vegvesen*
5. *Rauma Energi Nett AS*
6. *Istad Nett AS*
7. *FNF Møre og Romsdal*
8. *Grøvdalen Sameie SA*
9. *Mattilsynet*
10. *Dovre fjell nasjonalparkstyre*
11. *Direktoratet for mineralforvaltning*

Vi har i etterkant av oversendte høyringsfråsegner gjort ei ny teknisk synfaring av anlegget for å ytterligare kunne vurdere dei innkomne fråsegnene opp i mot søknaden. I forbindelse med dette legg vi ved oppdatert kart (vedlegg 1). I forhold til dei innspela som har komme har vi tilpassa vassvegen og endra frå ei nedgrave røyrlysing til at denne no er lagt inn i fjellet frå inntaket og ned til kraftstasjon. Dette endrar etter vårt syn inngrepet vesentleg i høve til landskapsverdi og i forhold til turstien. Prosjektet vil etter dette få ein ny utbyggingskostnad då denne vil auke frå mNOK 53,4 til mNOK 66,7. Ettersom ei fjelløysing er meir kostbar ønskjer vi å få heva omsøkt effekt frå 5,5 til 6,0 MW samt max slukevne frå 3,0 til 3,1 m³/s.

LK sine kommentarar til dei enkelte fråsegnene:

Rauma kommune (FK), uttale datert 18.2.2015:

1. *Vassdragsplanen er fra 2006 og er dessverre ikke rullert siden den ble vedtatt. Planen vurderer kraftutbygging på generelt grunnlag innen avgrensede delområder. Rauma kommune finner det vanskelig å legge til grunn kriteriene i rød sone for de omsøkte*

prosjektene, uten å vurdere det enkelte utbyggingsprosjekt separat. En slik vurdering ville kreve en mye lengre og grundigere saksbehandling enn det som er mulig i denne høringsrunden.

- 2. Rauma kommune vil på dette grunnlag anbefale at kriteriene for gul sone legges til grunn for NVE's vurdering av Loftdalselva, Høgseterelva og Rabbelva kraftverk.*
- 3. Turstiene som går langs Loftdalselva og Rabbelva må spesielt hensyntas.*

Loftdalselva Kraft (LK) :

- 1. Med utgangspunkt i at Vassdragsplanen til Rauma kommune er vektlagt av dei andre høyringspartane (Fylkeskommunen/Fylkesmannen) er det leit at den ikkje er rullert og oppdatert **på 11 år**. I følge vedtektene for vassdragsplanen skal denne rullerast kvart 4 år. I forbindelse med utarbeiding av konsesjonssøknad er utført undersøkingar og gjort registreringar av biologar som er mykje meir oppfattande og detaljerte enn det som vart gjort i forbindelse med vassdragsplanen, og såleis synes vi det er rart at desse registreringane ikkje er teke inn i vassdragsplanen. Ut i frå dette meiner vi at Vassdragsplanen ikkje bør vektleggast i for stor grad i høve til handsaminga av prosjekta.*
- 2. Det er gledelig at Rauma kommune legg kriteriet for gul sone til grunn for NVE si vurdering av prosjektet. Vi ber dei andre høyringspartane merke seg dette i forhold til at fleire av dei tek utgangspunkt i vassdragsplanen i forhold til kor strengt dei vurderer prosjektet.*
- 3. Turstiane i området er planlagt å bli oppretthalde. Etter vårt syn vil ei slik utbygging kunne gje endå betre tilgong til området og våre erfaringar frå andre idriftsette prosjekt viser at eit område blir meir nytta av ålmenta i tursamanheng etter ei slik utbygging. Med den nye vassvegløysinga vil ein heller ikkje komme i kontakt med turstien i forhold til dette.*

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal:

- 1. Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket, men viser til vår uttale til Norsk Kraft AS i samband med utbygging av fire kraftverk i Grøvdal, datert 18.9.2012. Her blei det reist krav om arkeologisk registrering, og dette må bli satt som vilkår ved eit eventuelt løyve.*
- 2. Fylkeskommunen vil vidare rå frå at det blir gitt konsesjon for Tverrberget, Morgådals-elva, Høgseterelva, Rabbelva og Loftdalselva kraftverk i Rauma kommune. Frårådinga er grunngitt i regionale og (inter)nasjonale friluftslivinteresser i Grøvdalen og Erstaddalen i Isfjorden, og at søknadene inneber inngrep inntil grensa for etablerte verneområde og dermed betydeleg bortfall av inngrepsfri natur, jf. INON-definisjonen og Fylkesdelplan for inngrepsfri natur.*

Loftdalselva Kraft (LK) :

1. LK er instilt på at det kan bli vurdert å få utført ei § 9 undersøking etter kulturminnelova dersom ein mottok konsesjon og kulturminnepotensialet tilseier dette. Dette vil ein komme tilbake til etter konsesjonsspørsmålet er avklara.
2. Det er leit at fylkeskommunen er negativ til utbygging. Vi meiner argumentet om at prosjektet bør avslåast fordi det ligg i nærleiken av eit verneområde er litt pussig. Vi har fått informasjon om at ca. 60 % av Rauma kommune er verna i ulike former, og dersom ein også skal kunne drive næringsverksemd i kommunen i dei delane av kommunen som ikkje har vern, blir det difor for oss feil å bruke nærleik til vern som eit argument for å gå i mot (då hovuddel av alle desse områda naturleg vil ligge i nære delar av eit verna område). Når det gjeld INON er dette det etter vår oppfatning ikkje ei «dramatisk» for dette i forhold til LK. Her vil reduksjon være 3,8 km² i sone 2 (1-3 km frå inngrep), 8.3 km² i sone 1 (3-5 km frå inngrep) og 0,07 km (villmarksprega).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

1. Etter ei samla vurdering fremjar Fylkesmannen motsegn i medhald av Vannressurslova § 24 til omsøkte planar for utbygging av Tverrelva, Loftdalselva, Høgseterelva og Rabbelva (alternativ A).
2. Fleire av kraftverksprosjekta vil ha inntak ved/rett utanfor vemeområde. Dette gjeld Loftdalselva, Rabbelva, Loftdalselva og Kvidalselva. Også inntaket i Tverrelva og Smøråa er i nærleiken av vernegrensa, men er lagt ein del høgdemeter nedanfor. For å vere sikker på å unngå konflikt med verneområda vil vi ved eventuell utbygging rå til at grensa blir markert i terrenget (ved hjelp av landmåler).
3. Den kommunale vassdragsplanen vart til gjennom ein omfattande planprosess, med to offentlege høyringsrundar. Til grunn for planen vart det utarbeidd ein temarapport som omtalar dei samla miljøverdiane i vassdraga «Miljøfaglig utredning AS, rapport 2005223 «Miljøverdier i nedbørsfelt uten vern». Ved vurdering av søknadane i Rauma kommune vil Fylkesmannen rå til at vassdragsplanen blir lagt til grunn.
4. Konklusjon: Fylkesmannen viser til merknadene over. Ut frå ei samla vurdering fremjer vi motsegn til utbygging av Loftdalselva. Dette fordi tiltaket inneber vesentlege inngrep i eit skogs- og vassdragsområde med viktige biologiske verdiar. Vegen og røyrleiinga vil få negative konsekvensar for ein tidlegare registrert naturbeitemark og redusert vassføring vil gi negative konsekvensar for kløft- og fossesprøytområdet like ovanfor brua. Vidare vil røyrgate og tilkomstveg, saman med inntak og kraftstasjon gi klare negative landskapsmessige konsekvensar som vil redusere opplevingsverdien av området. Tiltaket vil også redusere viktige inngrepsfrie naturområde som er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfri natur. Vassdraget ligg også i raud sone (nei-sone) i den kommunale vassdragsplanen.

Loftdalselva Kraft (LK) :

1. Det er leit at Fylkesmannen er negativ til utbygging og fremjar motsegn.

2. Ved eit eventuelt positivt konsesjonsvedtak vil ein i detaljplanfasen måle inn heile anlegget i detalj og såleis kunne verifisere vernegrensa i terrenget med oppmåling.
3. Vi viser til kommentar nr 1 til Rauma kommune. Basert på informasjon frå kommunen er ikkje vassdragsplanen gjort noko med på **11 år**. I tillegg vart detaljnivået på dei undersøkingane som den gong vart utført på eit langt lågare nivå enn det som er gjort i forbindelse med miljørapportane til konsesjonssøknaden, og ettersom vassdragsplanen skal rullerast kvart 4 år synes vi det er rart det ikkje har vore henta informasjon frå desse registreringane. Vi meiner difor denne vassdragsplanen ikkje bør tilleggas for mykje vekt i forbindelse med handsaminga av prosjekta.
4. Det er som nemnt leit at FM fremjar motsegn og vi er ueinige i konklusjonane FM dreg her. Først og fremst gjeld dette at FM nyttar Vassdragsplanen til Rauma kommune som argument i høve til at prosjektet ligg i raud sone basert på ei 11 år gammal utgreiing som vi meiner ikkje er detaljert nok til å kunne leggje vekt på i dette. Vi har sjølv funne opplysningar her som vi meiner er for upresise i høve til skildring av område og fråsegna frå Rauma kommune viser at Loftdalselva låg inne med feil kategori då den vart klassifisert til raud sone. Vi vedlegg også bakgrunnen for vurderingane som vart utført i den samanhengen i vedlegg 0.
Det vi til dels kan ha forståing med FM for er inngrepet i høve til vassvegen med nedgrave røyr i dette området. På bakgrunn av dette har sett nærmare på dette og valt å tilpasse dette innspelet med å leggje vassvegen som bora tunnel i fjellet (sjå vedlegg 1). Vi vonar FM ser annleis på dette inngrepet i høve til korleis dette alternativet er planlagt.

Statens vegvesen:

1. *Statens vegvesen har ikke vesentlige merknader til de 12 småkraftverkene, men ber om at det i videre planlegging tas hensyn til veglovens bestemmelser om byggegrense og avkjørsel.*
2. *Det må settes vilkår om at plassering av kraftstasjon må være minst 50 meter fra senterlinjen av riks- eller fylkesveg dersom det ikke foreligger en reguleringsplan som fastsetter annen byggegrense, eventuelt må det søkes om dispensasjon fra veglovens bestemmelser om byggegrense. Det må foreligge tillatelse til ny eller utvidet bruk av avkjørsel.*
3. *Dersom tiltaket er søknadspliktig etter vegloven må det legges ved skisser som viser kraftstasjonens plassering i forhold til senterlinjen på offentlig veg, samt adkomstløsning.*
4. *Dersom det er aktuelt med graving eller nærføring langs offentlig veg er dette søknadspliktig, likeledes er det krav om godkjent arbeidsvarslingsplan ved arbeid på eller langs offentlig veg.*

Loftdalselva Kraft (LK):

1-4. OK. Vi ser ikkje å komme i konflikt med dei punkta som Statens vegvesen påpeikar her, men vil sjå nærare på dette i forbindelse med detaljplanarbeidet og komme tilbake med eventuelle søknadar dersom det skulle være krav om dette.

Dovre fjell Nasjonalparkstyre

1. *Dovre fjell nasjonalparkstyre vil påpeke at inntakene for Kvidalselva KRV, Morgådalsåa KRV, Loftdalselva KRV samt Høgseterelva og Rabbelva KRV (inntak Rabbelva) ligger så nær grensen for verneområdene at spesielle hensyn her er påkrevet. Dersom det gis konsesjon for disse, ber nasjonalparkstyret NVE pålegge utbygger å bekoste tilleggsmerking av verneområdegrensene ved inntaksstedene, og stille krav om fysisk merking av verneområdet ved anleggsstedene som forbudt område i anleggsperiodene.*
2. *Nasjonalparkstyret har ikke krav til spesielle krav som bør stilles med hensyn til naturmangfoldloven § 49, utover at nærheten til verneområdene tilsier stor vekt på å minimalisere inngrep og god istandsetting etter eventuell anleggsperiode.*

Loftdalselva Kraft (LK):

1. Viser til kommentar nr. 2 til Fylkesmannen om at det blir utført detaljoppmåling og tilhørende verifisering i terrenget ved ein detaljplanfase.
2. OK.

Direktorat for mineralforvaltning

Vi er kome fram til at ingen av tiltaka kjem i konflikt med mineralressursar av regional eller nasjonal verdi.

Loftdalselva Kraft (LK):

Ok.

Rauma energi nett (REN):

Morgådalselva (3,6 MW), Lofdalselva (5,5 MW) og Rabbelva / Høgseterelva (4,0 / 2,8 MW)

For å kunne håndtere innmating av produksjon i Grøvdalen må 22 kV nettet mellom tilkoblingspunktet og Kavli oppgraderes pga. spenningsforhold. Dette innebærer nybygging / forsterkning av 5,3 km luftlinje, evt. kabling på strekninger der det er mulig. Dette gjelder også ved utbygging kun av 3,6 MW.

Fra tilkoblingspunktet i eksisterende nett må det legges jordkabler til kraftverkene, iht. beskrivelser i konsesjonssøknader.

Ved en samlet utbygging i Grøvdalen på over 8 MW må i tillegg 22 kV nettet mellom Kavli og Moageilen oppgraderes. Dette innebærer nybygging eller kabling av 1,6 km luftlinje.

Netttiltakene vurderes som forholdsvis ukompliserte, uten store utfordringer.

I tillegg kommer fellestiltak for småkraft i Isfjorden, beskrevet i eget avsnitt.

Lofdalselva Kraft (LK) :

Vi har gjennomført møte med REN om dette og kjenner dei ulike alternativa i forhold til nettutbygging. Det er positivt at nett-tiltaka er vurderte som ukompliserte og at det er mogleg å knytte til dei ulike prosjekta ved ulike nett-tiltak.

Istad Nett AS (IN):**Tiltak i regional/sentralnett som alternativ til tiltak i 22 kV nettet**

I området ved Isfjorden består småkraftpakken av kraftverkene Lofdalselva, Saufonn, Rabbelva, Høgseterelva og Tverrberget med planlagt ytelse på til sammen 21 MW. I samme område er det allerede gitt konsesjon til 4,1 MW som foreløpig ikke er bygd ut (Vengåa) og også søkt konsesjon for 1 MW som ikke er med i småkraftpakken. Overføringskapasiteten i 22 kV nettet mellom Grytten og Moageilen i Isfjorden vil med Vengåa være fullt utnyttet. For å kunne tilknytte ny produksjon utover Vengåa anses følgende tiltak aktuelle (kapasitet angitt etter →):

1. Tiltak i eksisterende 22 kV nett:
 - a. Oppgradering av 22 kV Isfjorden-Moageilen (3,8 km) → ca. 7 MW
 - b. Som a + oppgradering av 22 kV Grytten-Åndalsnes (6,9 km) → ca. 14 MW
2. Nedgradering av 132 kV Grytten-Moageilen (ca. 10 km) til 22 kV dersom denne frigis ved mulig utvikling av sentralnettet, jf. siste avsnitt under forrige overskrift → trolig tilstrekkelig kapasitet
3. Etablering av ny 22 kV kabel/ledningsforbindelse Grytten-Moageilen via Vengedalen (ca. 10 km) → trolig tilstrekkelig kapasitet
4. Etablering av 132/22 kV transformering i Isfjorden → tilstrekkelig kapasitet

Foreløpige vurderinger av totale kostnader (investering, reinvestering, drift og vedlikehold samt tap) viser at alternativ 2 er rimeligst ved 4-14 MW ny produksjon utover Vengåa mens alternativ 4 er rimeligst ved 15 MW eller mer. Dersom alternativ 2 ikke er tilgjengelig er alternativ 4 rimeligst ved 11 MW eller mer. Alternativ 4 har flere ikke kvantifiserte fordeler framfor de øvrige alternativene.

Lofdalselva Kraft (LK) :

Vi har delteke på møta i forbindelse med kraftsystemutgreiing og såleis kjenner vi til dei ulike nettalternativa her og at det er mogleg å knytte til dei ulike prosjekta ved ulike nett-tiltak.

FNF Møre og Romsdal (FNF):

1. *Stien langs Loftskardselva er ikkje med i rutenettet til turistforeninga. Men det betyr ikkje at stien ikkje er nytta.*
2. *Inngrepet i den skogsette delen av kulturmarka er i beste fall ugrei. Øvre del med røytrase meiner vi er for dårleg kartlagd. Sjølv elvelaupet er også for dårleg kartlagd. Det er alm på både sider her, og det er merkeleg om det ikkje er alm som blir direkte råka av røytrase og vegløyning.*
3. *Ut frå samla belastning, landskapsomsyn, biologisk mangfald, stort bruk og inngrep i uberørt natur rår vi til at Loftdalselva kraftverk ikkje får konsesjon.*

Loftdalselva Kraft (LK):

1. Slikt vi har fått opplyst av dei som bur i Grøvdalen er heller ikkje turstien ein del av rutenettet til turistforeninga, men i hovudsak nytta av grunneigarar og personar med tilknytning til Grøvdalen. Vi kunne tenkt oss ei oversikt over registreringar FNF har gjort i høve til kor mange som nyttar denne turstien.
2. Viser til tidlegare opplysningar om at vi har gjort endringar på vassvegen som etter vår oppfatning vil tilpasse dei «motargumenta» FNF har i høve til denne kommentaren.
3. Det er leit at FNF er i mot prosjektet og sett i lys av endringane på vassvegløysinga og vonar FNF ser annleis på dette inngrepet i høve til omsøkt alternativ.

Grøvdalen Sameie SA (GS):

1. *Loftdalselven: Det positive med ei utbygging er at vi kan bruke infrastrukturen i ettertid til jordbruks formål, slik som til ettersyn av dyr, sanking, Skogsdrift etc. samt bedre tilgjengelighet for tur og friluftsfolk.*
2. *Vi ser det slik at hvis det skal fortsatt drives jordbruk, så blir det lagt opp til større og større enheter. Dette krevjer derfor rasjonalisering og krav til raskere og mere overvåking av beiter. Dette vil medføre at veier og opphuggede gater allikevel være et faktum om ikke lenge, hvis kulturlandskapet skal opprettholdes.*

Loftdalselva Kraft (LK):

1. Det er viktige innspel at det planlagde småkraftverket også vil gje tilleggseffektar i form av infrastruktur som er positivt for landbruksnæringa i Grøvdal.
2. Vi ber NVE og dei andre høyringspartane merke seg dette. Det er ikkje mogleg å drive næring i eit område dersom ein skal verne heile Grøvdalen.

Oppsummering/Avsluttande kommentarar

Vi registrerer at Grøvdalen sameie er positive til tiltaket samt at Rauma kommune flytta prosjektet frå Raud til Gul sone i forbindelse med handsaminga.

Vi har også tilpassa prosjektet i høve til fleire av kommentarane frå Fylkesmannen og FNF.

Vi ser fram til sluttsynfaringa med NVE og ønskjer å oppklare vidare rundt prosjektet i terrenget.

På bakgrunn av dette tilrår vi NVE å gå inn for konsesjon på Loftdalselva Kraftverk.

På vegne av grunneigarane i Loftdalselva Kraft og NK Småkraft AS,
vennleg helsing

Bård Moberg